

VILLSAUSANKING

Villsauen kom til Noreg for omlag 3000 år sidan. Det var den einaste sauera- sen vi hadde i Noreg fram til slutten av 1800-talet då vi begynte å importera utanlandske sauerasar. Villsau vert òg kalla utegangarsau. Det er fordi dei klarer seg åleine ute heile året. Vintrane langs kysten er milde med lite snø, og villsauen finn nok føde i røsslyngen som er grøn heile året. Tang og tare frå fjøra er også godt fôr vinterstid. Villsauen har ein del fysiske og instinktive eigenskapar som gjer at han kan overleva ute om vinteren.

Å halda villsau krev liten arbeidsinnsats i timar. Ein treng berre sankar sauene saman eit par gonger i året. Om sommaren, etter lamming, vert dyra klippte eller plukka, lamma vert merkte, dei vert sjekka for skadar, vaksinerte og vegde. Om hausten vert dyr tatt ut til slakting, vaksinering og veging. I dag er det ikkje mange bønder igjen som driv med villsau. Dei fleste saue- bøndene no for tida slepper sauene til fjells om sommaren.

Nokre forskjellar mellom villsau og annan sau

| Villsau | Annan sau |
|--|---|
| Går ute på beite heile året. | Er ute på beite sommaren, inne i fjøset om vinteren. |
| Et urter og gras om sommaren, mest lyng vinterstid. | Et urter/gras på fjellbeite om sommaren. Om vinteren høyr og mjøl eller kraftfôr. |
| Er ikkje avla fram, rein rase. | Avla fram, kryssa ulike rasar. |
| Får berre eit lam om gangen. Søya treng inga hjelp i lamminga. | Oftast to lam eller trillingar. Treng hjelp i lamminga. |
| Lettbygde, spenstige og langbeinte. | Tyngre, ikkje så spenstige. Nokre rasar har kortare bein. |
| Grev etter mat under snøen vinterstid. | Kan ikkje grava etter mat. |
| Bindinga mellom mor og lam er sterk. Godt flokkinstinkt og spesielle fluktmønster dersom saueflokken føler seg truga av ville dyr. | Ikkje så sterk binding mellom mor og lam. Svakare flokkinstinkt og fluktmønster. |
| Feittet ligg som isolasjon rundt innvolane. Kjøtet har "viltsmak". | Feittet er marmorert i muskelvevet. Kjøtet har "vanleg" fårekjøtsmak. |
| Har ganske mykje grov dekkull i forhold til botnull. | Varierer, men har oftast mindre dekkull. |

Føremål:

- Vera med å sankar utegangarsau og læra om denne gamle sauerasen sine eigenskapar.

Utstyr:

Sjøstøvlar, regntøy, varme klede.



Villsauen beiter på den evigrøne røsslyngen året rundt.



Villsauene på Lygra vert vegde både sommar og haust som ein del av eit forskingsprosjekt.

Diskusjonsoppgåver:

- Finn ut meir om villsauen.
- Prøv å samanlikna dei totale inntektene og utgiftene ein vanleg sauebonde har med det ein villsaubonde har. De må finna prisen for kjøtet, gjennomsnittleg slaktevekt for ein sau og eit lam, pris på ull, skinn, produksjonstilskot, kostnader for fôr, arbeidstid, utstyr osv.

Visste du at?

- Det finst omkring 30 000 villsauer i Noreg i dag. Potensialet for villsau langs norskekysten er omlag 130 000 dyr.
- Villsauen har fleire namn; utegangarsau, vikingsau, steinaldersau, gammalnorsk sauerase, gamal norsk spælsau.
- Det vitskaplege namnet er: *Ovis brachyura borealis*.
- Eit gammalt norrønt ord for sau er fær. Dette ordet er det same som fe og får og kjem frå det latinske ordet for pengar, pecunia, som eigentleg tyder buskap.

Fleire aktivitetar i Lygrapermen:

Lyngslått, Lyngsviing, Ull og ullprodukt.

Meir å lesa:

- Lystad, M.L. 1997: Villsau. En studie av ulike produksjonsegenskaper og beiteadferd. Hovedoppgave, Ås - NLH, Inst. for Husdyrfag. 138 s.
- Fjærli, T. 1997: Villsauen. Publikasjon om sau av rasen gammel norsk spælsau (*Ovis brachyura borealis*) og utegangerdrift. Villsauseminar på Frøya 14. - 16. mars 1997. Norsk Villsaulag, Frøya saueavlslag, Frøya kommune 54 s.
- Jensen, P. 1993: Dyras Atferd - Om husdyra våre og deres ville forfedre. Landbruksforlaget, Oslo.
- Haaland, S. 2002: Fem tusen år med flammer. Det europeiske lyngheilandskapet. Vigmostad Bjørke.
- Sauesia: (<http://midtgard.com/sauesia/villsausia.htm>)
- Sau- og geitlagslaget: (<http://nsg.no>)
- Sheep-Isle: (<http://www.sheep-isle.dk/>)

Slik sankar ein villsau på Lygra

- Sankinga tar til på nordsida av Lurekalven eller på sørsida av Utlurmarka på Lygra.
- Ein går manngard over øya slik at alle sauene er framfor ein heile tida. Det er viktig å halda kontakt med sidemannen på begge sider.
- Ein må vera oppmerksam og bestemt heile tida. Når ein nærmar seg innhegninga, kan sauene plutselig bestemta seg for å snu.
- Veking av sauene skjer inne i innhegninga. Om sommaren skal sauene i tillegg klippast og merkast. Om hausten skal det takast ut dyr til slakt.



Sauen får vaksine for innvolsormar. Elevar frå Stend Jordbruksskule hjelp til.



Sauen vert klipt på halsen for å ta blodprøve.